



Vinje kommune
Vinjevegen 192
3890 VINJE

Dato: 24.04.2026
Vår ref: 25/04727-6
Dykkar ref: 2022/125-131

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Fråsegn til oppfølging av DMF sitt høyringsinnspel til Storlineset del 2 i Vinje kommune - Ny vurdering av ressursgrunnlaget og driftstid i høve mellombels massetak

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 14. april 2026.

Om saka

Vinje kommune syner til DMF sitt fråsegn til høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplan for Storlineset del 2, datert 5. mars 2026. I vårt fråsegn bad vi om ytterlegare utgreiing av ressursgrunnlaget og om det var avsett tilstrekkeleg driftstid i masseuttaket for å kunne gjennomføre dei ønska tiltaka i prosjektet, før endeleg vedtak av planen. Kommunen har bedt DMF om tilbakemelding på forslag til ny tekst i planomtala. Det er foreslått å legge til nytt underkapittel om midlertidig massetak under kapittel 5 om skildring av planforslaget, og nytt underkapittel om verknaden av massetaket under kapittel 6 om verknad av planforslaget.

DMF si vurdering

I forslag til ny tekst i kapittel 5, er det gjort greie for at berggrunnen i området er øyegneis og det er tenkt uttak av omtrent 50 000 m³ fast fjell. Det skal takast steinprøver for å avklare oppdeling av fraksjonar og omfanget av ulike fraksjonar. Det er også gjort greie for dei planlagde bruksområda for massane.

I forslag til ny tekst i kapittel 6, går det fram at det er forventa rundt 5000 m³ avdekkingsmassar. Det er lagt inn føresegn om to alternative tidsrom for aktivitet i masseuttaket for å avgrense belastninga på eksisterande hytteteigarar. Boring, sprenging og knusing skal gjennomførast på 6 ukar. Ferdig produserte massar som blir lagra i masseuttaket vil føre til visuell sjenanse i nærmiljøet, og for å sørge for føreseielegheit til naboar av masseuttaket, skal drifta vere avslutta innan 10 år. Teksten gjer og greie for handtering av støy og støv frå masseuttaket, og korleis drifta skal avsluttast.

DMF vurderer at forslaget til ny tekst tek omsyn til vår fråsegn til høyring og offentleg ettersyn av planen.



Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Henning Sigstad
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Henning Sigstad

Kopi til: